

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindås

Våge, 26.02.2023

Alver kommune, Miljø og tilsyn
v/ Eirik Berntsen

kopi: APM v/leiar
Statsforvaltaren i Vestland

STOR MENGDE RØYR OG MURSTEIN LEVERT 99/4 VÅGE + TATT I BRUK I ULOVLEG BYGGEARBEID

Torsdag 23.02. vart det levert store mengder røyr og murstein til det som er pågåande, men ulovleg, byggearbeid på Gbnr 99/4 Våge, utan at igangsetjingsløyve forelegg.

Det vil sei at 99/4 har starta byggeprosess

- I strid med APM sitt vedtak av 13.10.21 om at tilbakeføring skal vere gjort før igangsetjingsløyve. Tilbakeføring er **ikkje** gjort.
- I strid med brev frå Alver kommune Miljø og Tilsyn av 15.10.21 m/ tilbakeføringskrav. Tilbakeføringa ikkje gjort.
- I strid med Alver kommune, vedtak av 17.06.22: «*Topp ferdig dekke siste 2 m frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgde som nabogrense og skrå nedover fram til godkj. landbr.veg*». Ikkje gjort.
- I strid med Alver kommune sitt avslag på oppstart renseanlegg av 28.10.22. Bygginga har halde fram trass avslaget.

Leveransane av røyr og murstein 23.02., som har blitt starta tatt i bruk, er klare bevis på at 99/4 ikkje har tenkt å respektere vedtaka over.

Berntsen på synfaring i oktober forsikra oss om at 99/4 ikkje ville få byggestart før det var tilbakeført. Og dersom vi såg at bygging starta, måtte vi ta kontakt, så skulle Miljø og Tilsyn stoppe arbeidet umiddelbart.

I ettertid har likevel bygging starta utan at arbeidet vert stoppa. (Vi har *prøvd* å melde frå)

I tillegg foregår også dette:

- Forskaling/muring av det som ser ut som eit nybygg Inne i det vedtatte «nydyrkingsområdet»
- Omfattande utgravingar + utskytting der husa skal plasserast
- Omfattande masseutskifting i store delar av myr
- Bygd opp og planert ut ei meir enn 3 m høg steinfylling på **vesentleg** flate over bekk ut frå myra

Arbeida som no pågår er arbeid som **ikkje** er omfatta av rammesøknad, heller ikkje søkt om eller nabovarsla, dessutan i direkte strid med løyva som er **gitt**.

Når vi no melder frå, forventar vi øyeblikkeleg stopp-raksjon frå Miljø og Tilsyn på byggearbeidet, i påvente av ei gjennomført tilbakeføring. Pga sviktande tillit til at dette skjer, vil kopi av dette brevet også bli distribuert til andre.

Med vennleg helsing
Elin og Henry Fanebust

Vedlegg: Foto tatt 23.02. av dei leverte røyra på 99/4.